

Årsmelding 2023



MUHO – eit kultur- og naturarvsmuseum

Museum for levande kultur- og naturarv, industriarv og kompetansmiljø for bevaring. Spydspissane Levande natur- og kulturarv, Industriarv, Migrasjon og mangfald og Bevaring er dei tematikane som definerer oss som museum. Dei beskriv det som er unikt og viktig for oss, vårt DNA og det som bind oss saman og gjev retning til vårt arbeid. Musea er lokaliserte i Bergen, Osterøy og Alver. MUHO forvaltar det freda nasjonale teknisk - industrielle kulturminnet, Salhus Tricotagefabrik, det freda nasjonale kulturlandskapet, Havrå, og vi har ansvar for dei verna kystlyngheiene på Lygra. Osterøy museum og Vestnorsk utvandringssenter har omfattande samlingar av museumsbygg og gjenstandar kor forvaltning av immateriell kulturarv og migrasjon i eit heilskapleg perspektiv, har fokus. Kulturminna vert forvalta gjennom bruk og skjøtsel og med høgt fokus på handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. MUHO driv fellesmagasin, tilbyr konserveringstenester av høgaste faglege kvalitet og tilbyr musea i Vestland råd og rettleiing innan bevaring og forvaltning av gjenstandar.

Visjonen vår: Viktige stemmer i tida

Verdiane våre: Likeverd - Kompetanse - Openheit – Engasjement

MUHO skal vere eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Dette ligg til grunn for planane og arbeidet som vert utført gjennom formidling av kunnskapen på våre museum og gjennom samarbeidsprosjekt, utstillingar, deltaking i forskingsprosjekt, debattar og publiseringar.

MUHO tilbyr heilskaplege og eksklusive kunnskapsopplevingar prega av høg kvalitet med engasjerte og kunnskapsrike tilsette. Hos oss opplever ein ikkje berre unike kulturminne og kulturmiljø, men vi er levande destinasjonar der dei besøkande kan sjå kunnskap brukt i drifta av anlegget, dei kan boltre seg i utandørs miljøa, her er det nok plass til heile familien og ein kan bruke god tid både i utstillingane og i kafeane med utsikt til fjorden eller lyngheiane.

Innhald

1. INNLEIING	4
2. NØKKELTAL	5
3. ORGANISASJON	6
STYRET	6
PERSONALE	7
4. ØKONOMI	8
5. HEILSKAPLEG SAMLINGSUTVIKLING	8
6. TRYGG IVARETAKING	9
7. KULTURLANDSKAP	10
8. IMMATERIELL KULTURARV	11
9. BYGG OG ANLEGG/ BYGNINGSVERNARV	12
10. FELLESTENESTER FOR MUSEA I HORDALAND	12
11. RELEVANT FORMIDLING	13
12. SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON	16
13. KLIMA OG MILJØ	16
14. ARBEID I MUSEUMSREGIONEN	17
15. MANGFALD OG INKLUDERING	18
16. FRIVILLIG ARBEID	20
17. REKNESKAP OG REVISJONSRAPPORT	21
18. REVISJON 2022	23
19. MELDING FRÅ STYRET	24
20. DETTE ER MUHO	26

Sommarskule på Lyngheiseret



Utekino på Vestnorsk utvandringssenter i snøstorm

2. Nøkkeltal

I 2023 kom besøkstala endeleg opp på tilnærma nivå som før 2020. Konjunktur og samfunnstrendar har likevel endra besøka noko. Regionen har hatt rekordbesøk. Dette har resultert i fleire større grupper og til auka handel i museumsbutikkane. På same tid er det vanskelegare å få stabilt førehandssal på arrangement med lokalt publikum då dei bestemmer seg seint. Fleire avdelingar har gått over til digital bestilling og har fått betre oversikt over komande besøk, slik at tilrettelegginga vert betre.

1. Innleiing

Arbeidet vårt har dei siste åra tatt ein tydelegare retning gjennom auka ambisjonar når det gjeld å bidra med kompetanse knytt opp mot det grøne skiftet. Konkret betyr dette at vi fagleg og gjennom museumsprosjekta våre rettar merksemda mot sentrale klima- og berekraftspørsmål, eller har dette som bakteppe. Fokuset svarar direkte på måla frå stat, fylke og kommune, som oppfordrar musea til å vere samfunnsaktuelle og samstundes ta vår del av ansvaret for å nå berekraftmåla, særskilt innan klima og miljø. Dette gir meining og innhald til strategiformuleringa vår «Saman om eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling». Museet er partner i forskingsprosjektet DURIN, som starta opp i 2023. Målet er å kartlegge kva rolle lyngplantar, som dekkjer over 50% av Noreg sitt fastlandsareal, spelar i det globale klimasystemet. Lyngheiene på Lygra er ein nøkkellokalitet for innsamling av data grunna den unike samlinga av autentisk natur- og kulturhistorie. Samstundes som vi har fokus på klima og berekraft i det museumsfaglege arbeidet, har vi som organisasjon jobba mykje med å sikre grøn omstilling gjennom eigne klima- og miljøtiltak, og på denne måten bidra til at Noreg innan år 2030 når måla om å redusere CO2-utsleppa med 50%, og frå 2050 blir ein nullutslépps nasjon.

Vi har jobba systematisk over fleire år med å utvikle organisasjonen for framtida. Eit av måla har vore å auke talet på heiltidstilsette, og auke stillingsprosenten til dei som allereie er tilsett. I løpet av 2023 har fleire fått auka si stilling, og dette er eit fokus som vil halde fram då dette er ein god strategi for å halde på viktig kompetanse. Vi har også jobba systematisk for å redusere mellombelse stillingar, og i 2023 hadde vi berre 2 personar i denne stillingskategorien. I 2023 har vi konsolidert avdelingane Osterøy museum og Havrå under ei leiing. Dette skal gje oss auka fokus på viktig fagleg arbeid og

berekraftsprosjekt og nytte felles ressursar på ein effektiv og god måte.

Museet forvaltar Havrå, freda som det første kulturmiljøet i Norge i 1998, og Lyngheisenteret, kompetansesenter for kystlynghei, ein truga naturtype i Noreg på til saman 3600 dekar. Tilskot frå Klima- og miljødepartementet (KLD) post 71 har i tiår vore berebjelken i forvaltninga av kulturmiljøet og skjøtsel av kulturlandskapa på både Havrå og Lyngheisenteret og utgjorde i 2023 2,63 millionar.


I statsbudsjett for 2023 la KLD opp til å redusere musea sine moglegheiter til å søke om tilskot til istandsetting og vedlikehald frå post 71. Vi har gjentatte gonger bedt om dialog med departementa for å avklare ansvarstilhøve og verkemiddelbruk mellom KLD og KUD, slik at ein sikrar ivaretaking av freda kulturmiljø og landskap som vert forvalta av musea i det nasjonale museumsnettverket. Vi er ikkje blitt høyrte. Ei innstramming som er skissert vil få store negative konsekvensar for MUHO. Innretninga av tilskotsordningar på kulturmiljøfeltet, og tilhøvet mellom driftsmidlar til musea frå KUD og tilskotsmidlar til kulturminne frå KLD, skapar ein lite føreseieleg situasjon for bevaringa av freda kulturmiljø ved musea. Denne saka viser kor skjør finansieringa av museet er. Justering av årlege driftstilskot har i ei årrekke vore mindre enn prisveksten. Samstundes dekkjer dei ordinære driftstilskota frå stat, fylke og kommune, berre 55 % av driftskostnadene vi har til å forvalte og formidle samlingane museet har ansvar for, på ein forsvarleg måte. Dei resterande driftsmidlane må årleg hentast frå ustabile kjelder i konkurranse med ei rekke andre aktørar.

	2023	2022	2021	2020	2019
<i>Tal på besøk</i>	25 555	20 546	15 945	9 578	27 788
<i>Årsresultat*</i>	-1 342	2 478	950	2 266	1 103
<i>Eigenkapital*</i>	25 912	27 254	24 776	23 826	21 560
<i>Faste tilsette</i>	55	50	52	45	43
<i>Kulturhistoriske bygningar</i>	102	103	103	103	104
<i>Gjenstandar</i>	37 675	39 470	40 609	40 357	40 230
<i>Foto</i>	17 837	17 764	17 763	17 741	17 658
<i>Kulturlandskap (dekar)</i>	3 580	3 580	3 580	3 580	3 580
<i>Årsverk (faste)</i>	47,7	42,66	41,7	34,7	35,8
<i>Tal årsopp. til lønsmottakar</i>	117	119	110	100	122
<i>Sjukefråvær</i>	6,3%	5,41%	5,45%	6,25 %	7,5 %

* Tal i tusen kr

3. Organisasjon

I 2023 vart Havrå og Osterøy museum slått saman til ei avdeling med felles leiing. Som resultat av aktiv leiargrupperutvikling, fokus på arbeidsmiljø, arbeid med felles fagplanar og strategiprojekt har vi styrka strukturane som bidrar til meir arbeid på tvers, har styrka fagfelte og fått eit meir konstruktivt samarbeid som fremjar endringsvilje.



Styret

Styremedlem	Oppnemnt av
Sara Hamre Sekkingstad – styreleiar (vara: Kjetil Eikefet)	Kommunane i Nordhordland
Geir Steinar Dale – nestleiar (vara: Inger Lise Skarstein)	Bergen kommune
Frank Willy Djuvik (vara: Kristina Vakt skjold Hamre)	Vestland fylkeskommune
Jorunn Tvedt (vara: Karl Vågstøl)	Vestland fylkeskommune
Tone Hellesund (vara: Åslaug Ommundsen)	Universitetet i Bergen
Hanne Dale (vara: Bjørnar Myklebust)	Tilsette



Alle tilsette i MUHO på studietur til Winchester, England

Personale

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 54 faste tilsette i 45,71 årsverk. I tillegg var det 2 fast tilknytt MUHO i lengre vikariat eller prosjektstillingar i 2 årsverk. 24 % av dei faste tilsette er menn, 76 % er kvinner. I tillegg har vi hatt 38 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 51,56 faktiske årsverk i 2023. Styret har 6 medlemmer: 4 kvinner og 2 menn.

Helse, miljø og tryggleik

MUHO er ei IA-verksemd og legg til rette for arbeidstrening og praksisplassar for personar frå NAV der det er mogleg. Gjennom året har det vore fleire personar innom på ulike tiltak i fleire avdelingar. MUHO har avtale om bedriftshelseteneste med Agil helse. Alle tilsette knytt til risikoarbeid fekk tilbod om arbeidshelsekontroll, noko som blei gjort rett over nyttår i 2023. Dei fleste nytta seg av tilbodet.

Vi har hatt fire møte i AMU i løpet av året. I tillegg hadde vi tre samrådsmøte (partssamansett utval).

HMT-måla våre for 2023 var:

- Skape eit godt arbeidsmiljø ved å bruke STAMI sitt verktøy for områda organisering, engasjement, anerkjening, leiing og forutsigbarheit, samt psykologisk trygghet.
- Kartlegge og implementere nytt avvikssystem.
- Identifisere bruken av og eksponering for helse- og miljøfarlege stoff i heile MUHO og lage tiltaksplan for handtering av dette. Få en konkret plan og ansvarsfordeling her. Betre systematikk i dette arbeidet.
- Sikre betre rutinar for låse/stenging/alarm.

Sjukefråværet i 2023 var 6,3 % ,ei auke frå 5,41% i 2022 . Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2023. Delen for korttidsfråvær var lågare enn i 2022.

Det årlege kurset i bruk av hjartestartar og førstehjelp vart gjennomført i mars og juni. Det var workshop med fokus på arbeidsmiljø, følelsar og kommunikasjon i desember 2023.

MUHO har gjennomført kartlegging for Aktivitets- og redegjæringsplikten (ARP), sett opp rutinar for dette arbeidet og utarbeida handlingsplan. Arbeidet med ARP har òg gitt auka fokus og bevisstheit på likestilling, og tiltak mot opplevd diskriminering og trakassering.

ARP-rapporten finn du her:
<https://dms-cf-06.dimu.org/file/019EE8iPks8dJ>

4. Økonomi

Årsrekneskapen til Stiftinga Museumssenteret i Hordaland er avlagt etter rekneskapslova sine reglar for små føretak og under føresetnad om fortsett drift. Årsresultatet for 2023 syner eit underskot på 1.341.864 kr. MUHO har store oppgåver knytt til utvikling og oppgradering.

Det er utfordrande å få drifta i balanse. Difor har vi også i år hatt fokus på god bruk av dei tilsettersressursane vi har til rådvelde og vi har jobba for å skaffe meir eigeninntekter og fleire prosjekttilskot. I 2023 utgjorde løns- og pensjonskostnadene 69,4% av totale driftskostnader. Pensjonskostnadene har auka utgjorde 12,4% av totale lønskostnader. Reguleringa av årlege driftstilskot følgjer ikkje same utviklinga som løns- og prisvekst og dette er bekymringsfullt. Kostnadene til straum utgjorde 2% av kostnadene i 2023. Sjølv om ikkje det store energieffektiviseringstiltaket på Lyngheiseret vart ferdigstilt i 2023 klarte vi å redusere forbruket frå 751.139 kWh i 2022 til 666.566 kWh i 2023. Normalnivået var tidlegare på om lag 1. mill kWh i året. Dvs. total innsparing på ca. 500.000 kr i 2023. Dei

totale investeringane i ENØK vil då vere finansiert i løpet av ca. 4 år. IKT-kostnadene utgjorde 3,8% av totale driftskostnader i 2023. Det er framleis store behov for løysingar knytt til IKT, t.d. saks- og arkivsystem og digitalisering.

Det er positivt at eigeninntektene auka med 34% frå 2022 til 2023 og utgjer no 20% av omsetnaden. I «plan for eigeninntening 2023-2027» er målet 20% innan 2024 og 24% innan 2027, så vi er i rute. Vi har satt konkrete mål for nivå på eigeninntekter både i 2024 og vidare år, m.a. ved vidareutvikling av museumsbutikkane og nettbutikken, sal av kurs og tenester for m.a. statsforvaltar, andre muse og private kundar.

Likviditeten er tilfredsstillande. Det er avsett 1,3 mill. til framtidig vedlikehald av bygg. Det er store behov for framtidige oppgraderingar og tiltak som krev store investeringar.

5. Heilskapleg samlingsutvikling

All samlingsutvikling i MUHO skal skje i tråd med samlingsplanen. Vi skal ha godt oversyn over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege. Museet skal prioritere i eksisterande samlingar for å gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.

Felles rutinar for avhending er klare og det har vore gjennomført konkrete avhending/destruerings-saker både i gjenstands og bygningssamlingane. Vi har destruert ein bokbuss og avhenda eit postkontorinteriør til postmuseet på Festo. Arbeidet med å implementere primærprosedyrane i SPECTRUM vil fylgje implementering av Primus 10. Vi har arbeidd aktivt med å redusere avstanden mellom talet på registrerte og digitaliserte gjenstandar, og har hatt forventa progresjon i å redusere restansane. Samlingsplanen er revidert. Vi har ikkje hatt kapasitet til å utarbeide ein eigen strategi for å styrke sårbar kunnskap om forvaltning av samlingane våre/IKA. Dette blir eit prioritert tiltak i 2024. Vi har halde fram med å oppdatere Primus-bygg med tilstandsvurdering og nyttar dette som grunnlag for prioritering av vedlikehald i bygningssamlingane. Fellesprosjektet «Dokumentasjonsteam» er eit populært tilbod og har bidrege til å auke kvaliteten og kvantiteten på primusregistreringane gjennom dokumentasjonsarbeid på alle




Dokumentasjonsteamet til Bevaringstenestene i arbeid på Havrå

musea i Vestland. I MUHO har dokumentasjonsteamet bidrege med registrering og reorganisering i magasin. Etter kvart som fleire samlingar er tilfredsstillande dokumentert vil det bli enklare å sjå samlingane i samanheng.

Samtidsdokumentasjon: I prosjektet Nye stemmer same samling i Mangfoldsnettverket har vi gjort innsamling av munnlege kjelder og intervju, og vi har sikra filmintervju av levande kjelder knytt til "Fiskarboden".



Bevaringstenestene pakker ned gardiner på Lysøen



Havrå – Reparering av løypestreng. Ein av fleire som er flittig brukt under slåttan.

6. Trygg ivaretaking

Vi arbeidar vidare med etableringa av det nye fellesmagasin for musea i Vestland. Asbestsaneringa i vårt freda TIK-anlegg er høgt prioritert og del av arbeidet med å intensivere og betre tilstanden på bygningsmassen. Vi skal ivareta og utvikle dei levande samlingane. Vi har samarbeidd tett med musea og Vestland fylke om etablering av nytt Samlingssentrum (inkl. fellesmagasin), og slik bidreg vi til trygg ivaretaking for alle samlingar i fylket. Sikringsplan er rullert og tiltak er gjennomført etter planen. Planen gjer oss betre i stand til å sikre bygg, samlingar og kulturmiljø gjennom betre rutinar og årleg prioritering av tiltak. Vi har arbeidd vidare med verdibergingsplanar for gjenstandssamlingar og har kontinuerleg fokus på forbetring av oppbevaringsforholda. I løpet av haust og vinter 2023 er asbesthaldig støv og avrettingsmasse fjerna i både 1. og 2. etasje i Fabrikbygg 1900 i Salhus Tricotagefabrik. Etter dette er det ikkje lenger asbest i tredelen av fabrikk.

Det er inngått samarbeid med Oleana AS om utveksling av ressursar og kompetanse i høve arbeid på maskinparken ved fabrikk.

Reiskapskulturen på Havrå er viktig og det er gjennomført interne kurs for å sikre kunnskapen og samstundes fornye reiskapsparken. Vi har skrivne innspel til Riksantikvaren sitt arbeid med bevaringsstrategiar knytt til kulturmiljø, der vi har lagt vekt på den viktige rolla musea har som garantist for kontinuitet på dette området.



Lyngbrenning på Lyngheiseret



Lokal matproduksjon av nubbesild



Blødalssmia på Osterøy i drift under kulturminnedagane



Sommarskule på Osterøy museum

7. Kulturlandskap

MUHO er det einaste museet i Noreg med to autentiske gardar som har produsert mat og virke i over tusen år og framleis er i drift. Vi forvaltar nasjonal kompetanse knytt til tradisjonell drift og forvaltning av kysten sitt kulturlandskap; lyngheiene på Lyngheiseret som er registrert i Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) og det freda kulturlandskapet Havrå, som også har plass på den eksklusive lista over UKL (Utvalde kulturlandskap). Til saman utgjer dette 3626 dekar med sårbart kulturlandskap.

I samarbeid med partnerar som UiB forskar vi på klima og berekraft i landsskapsamlingane våre, og vi har fleire tverrfaglege samarbeid. På oppdrag for Miljødirektoratet har vi koordinert og levert nasjonal rådgjevingsteneste for bruk og ivaretaking av kystlynghei. Vidare har vi utført formidling- og rådgjevingstenester på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Vi har fortsett arbeidet med ei ny formidlingssatsing der vi som kulturinstitusjon syner veg gjennom det grønne skiftet basert på kulturlandskapa våre. Sentralt

i satsinga står «Naturrom Lygra», ny utstilling/bygg plassert i eit aktivt kulturmiljø der vi skal formidle problemstillingar og løysingar på vår tids største utfordringar: klimaendringar og naturtap, og konsekvensar det har for naturmangfald, matproduksjon og velferd på ein forståeleg og engasjerande måte i skjæringspunktet mellom forskning, formidling, undervisning og forvaltning.

FN sin siste klimarapport aktualiserer igjen viktigheita av å ta vare på trua landskapstypar og kunnskap om lokal matproduksjon. Naturbaserte løysingar som er kjernen i forvaltninga vår, vert peika på som svar på utfordringane. Gjennom skjøtsel og forvaltning bidreg vi til den norske samfunnsberedskapen ved å ivareta kunnskap og genressursar som er viktige for Norges framtidige matsikkerheit. Vi forvaltar trua naturtypar og arter på raudlista, og gjennom tradisjonell skjøtsel tar vi vare på nedarva kunnskap om matproduksjon basert på stadeigne ressursar.

8. Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv (IKA) er ein integrert del av drift og forvaltning av industriarven og dei levande samlingane på Havrå og Lygra. Vi har difor høgt fokus på å sikre kunnskap hos eigne tilsette om arbeidsmetodar og reiskap/maskinar/utstyr.

Vi forvaltar samlingane våre gjennom bruk av den immaterielle kunnskapen og brukar levande kunnskap om teknikkar og prosessar i formidlinga slik det tradisjonelt blei gjort innan handverk, industri og gardsdrift. På denne måten er IKA sentralt både i forvaltning, formidling og forskingsarbeidet vårt; som metodikk i forvaltning av kulturlandskapa våre, og i samlingsutvikling for å auke kjeldeverdien av gjenstandssamlingane. Vidareformidling er ein føresetnad for å sikre kunnskap og dette året har vi hatt fokus på å formidle tekstilkunnskap, bygningshandverk, forvaltning av

kystlynghei, praksis i slåttonna og reiskapskultur gjennom kurs, rådgjeving og undervisningstilbod til grunnskule og høgskule. Tekstilkunnskap og kunnskap om landskapsforvaltning er også grunnlag for dei formaliserte forskingssamarbeida vi har hatt i 2023.

9. Bygg og anlegg/ Bygningsvernarv

Vi har ein stor kulturhistorisk bygningsmasse. Alle dei kulturhistoriske bygningane er ferdig registrert og publisert i Primus bygg og tilgjengeleg i Digitalt museum. Primus bygg fungerer som forvaltningsplan for den kulturhistoriske bygningsmassen. Dette har gitt oss godt oversyn over behova for vedlikehald og mogelegheit til prioriteringar. Asbestsaneringa i det freda TIK-anlegget i Salhus har vore høgt prioritert og del av arbeidet med å intensivere og betre tilstanden på bygningsmassen.

Tilstandsgraden generelt er relativt tilfredsstillande med berre 8 av 101 bygningar i tilstandsgrad 3 (kraftige, alvorlege symptom). Det eine av desse må rivast av sikringsomsyn og det vert arbeidd med avklaringar kring dette. I 2023 har tre bygningar gått frå TG3 til TG1 etter gjennomførte tiltak. I tillegg har vi destruert eit bygg. Det er framleis store vedlikehaldsbehov på bygg og anlegg. Det viktigaste målet i første omgang, blir å oppgradere dei bygga som har tilstandsgrad 3.

STATUS BYGG PER 31.12.2023:

TG 0: Ingen symptom	0
TG 1: Svake symptom	32
TG 2: Vesentlege symptom	61
TG 3: Kraftige/alvorlege symptom	8

10. Fellestenester for musea i Vestland

Vi har tatt imot ei stor mengd gjenstandar til fellesmagasinet i løpet av året. KODE har tømt eitt av magasinane i sentrum, og Museum Vest er i ferd med å flytte ut frå magasinane dei har hatt på Bontelabo. Dette resulterer i store gjenstandstal, og saman med flyttestjekta frå dei andre musea magasinerte vi vel 2500 fleire gjenstandar enn i 2022. Vi har arbeida ute i musea med Re-org prosjekt, med dokumentasjon av samlingane, og med rådgjeving i høve klima i utstillingar og magasin. I tillegg har vi hatt eit kurs om metall i samlingane og eit om plast i samlingane.



Vedlikehald på bygg på Tekstilindustrimuseet



Nautttaket på Lygra vert restaurert



Plastkurs for Musea i Sogn og Fjordane

11. Relevant formidling

Det har vore eit aktivt år med stor aktivitet på fleire frontar. Dei siste åra har vi sett etter smartare og mindre ressurskrevjande måtar å halde musea ope, og korleis vi kan ha innbydande kaféar utan for store kostnader. I juni fekk Tekstilindustrimuseet endeleg opna spoleloftet for at publikum kunne gå på eiga hand med hjelp av ein brosjyre. Målet er å vidareutvikle dette til fleire område.

Formidlingsplanen vart rullert og vi har fått på plass nye strategiar for målgruppearbeid for barn og ungdom. Ved å bruke Mangfaldsplakaten og ha fokus på eigarskap, tilhøyring og medverknad i planlegging av aktivitetar og arrangement, har vi klart å appellere til ulike mål- og samfunnsgrupper.

Vi har utvikla fagleg underlagsmateriale til ny permanent utstilling som skal sette søkelys på utfordringar og mogelegheiter i tekstilindustrien i eit berekraftsperspektiv. Vestland fylkeskommune skriv i tildelinga av KUP-midlar (kulturelle utviklingsprogram) til prosjektet: Prosjektet er nyskapande gjennom å kople formidling av immateriell kulturarv med dagens globale tekstilindustri og tilhøyrande utfordringar og mogelegheiter rundt berekraftige val. Vidare støtter prosjektet opp under strategiar og mål i Regional plan for kultur, der kulturlivet vert oppmoda om å ta sin del av ansvaret for å nå berekraftsmåla. Tekstilindustrimuseet rettar gjennom prosjektet her merksemda mot eit sentralt klima- og berekraftsspørsmål.

På Havrå har vi gjennomført det årlege formidlings- og undervisningsopplegg for ungdom og unge vaksne knytt til slåtten. Handlingsboren kunnskap er ein av berebjelkane i museet sitt arbeid og er ein viktig del av innhaldet i kurs, undervisning og anna formidling.

SEMINAR/KURS I MUHO 2023:

- Sommarskule på fjorden og i lyngheia
- Sommarskule vevkurs og aktivitetar for born/ungdom
- Bergen strikkefestival
- Kurs i sortering av Villsau-ull under Ullveka
- Fagkurset «Pollinatorar i lyngheia»
- Veve-workshop
- Reparasjonsverkstad
- Sykurs
- (Re)fashioning the future II
- Krappyl-workshop
- Vevkurs - åkle og varafell på Oppstadvev
- Vevkurs - veving av varafell på bordvev
- Kurs i plantefarging
- Fagseminar: Tekstilmuseum i Norden,
- Bevaringstenestene har halde ei rekke kurs og foredrag innan relevante tema om samlingsforvaltning



Tautrekking på Vestnorsk utvandringssenter



Klesbyttedag på Tekstilindustrimuseet



Havrå – praksisstudentar frå AHKR tek del i hesjavøling



Bergen strikkefestival. Foto: Thor Brødreskift



Siv Støldal utstilling Galleri Salhus Foto: Thor Brødreskift



Ingrid Aarset utstilling Galleri Salhus Foto: Øystein Klakegg



Havrå Reels

EKSTERNE KURSOPPDRAG

- Kurs plantefarging for UiB/ Kunststudentar
 - Kurs tekstilkultur ved HVL/Vestnorsk kulturakademi
 - Slåttekurs, Slettebakken burettslag
 - Nasjonal koordinator/rådgjevar for MD for Kystlynghei.
- I 2023 har Kvamme halde tre kurs med til saman ca. 50 deltakarar. Kursa var i Måløy, Midsund kommune og i Heim kommune.

FAGDAGAR PÅ OPPDRAG FOR STATSFORVALTAREN 2023

Lyngheiseret har avtale med Statsforvaltaren i Vestland om å arrangere fagdagar for kystlynghei og arrangere fagdagar innan slåttemark og haustingskog i indre Sogn, saman med De Heibergske Samlinger i MiSF. I 2023 arrangerte vi fagdagar om kulturlandskap, pollinatorar, slåttemark og restaurering av slåttemark i Kaupanger, og to fagdagar med kystlynghei, birøkt og pollinatorar i fokus, som ein del av Kystlyngfestivalen på Lyngheiseret.

Galleri Salhus er ein attraktiv utstillingsarena for kunstnarar nasjonalt. I 2023 var det 5 ulike utstillingar i galleriet. Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthandverk vitja nokre av utstillingane og kjøpte eit verk.

Totalt opna vi 10 nye utstillingar i 2023, inviterte til 106 ulike opne møter, foredrag og seminar og til 3 konsertar.

UTSTILLINGAR I MUHO 2023

- Ren tilfeldighet. Svein Ove Kirkhorn, Vibeke Jerkaas og Henriette Slorer (19.02-09.04)
- «Eg er kome for å drepe deg (this is my first painting ever)». KMD (16.04-14.05.)
- Hagerom. Ingrid Aarset (11.06-10.09.)
- New life dressing. Siv Støldal (15.10-12.11.)
- Off the wall and off the table. Juleutstilling 2023 (26.11-13.12.)
- Krapylar. Sandra Blichert Christensen (19.02-09.04)
- KMD (16.04-14.05.)
- Dialog med havet. Karina Siegmund/ The oceanweaver (11.06-10.09.) Siegmund
- Pollinatorar i Lyngheia - plakatutstilling produsert av NINA, + eigenproduserte supplerande tekstar
- Utstilling om Mandus Fondenæs (1889 - 1977) og Klara Fondenæs (1901 - 1974)
- Utstilling med lokalt husflid med vekt på ull frå Gamalnorsk sau
- Juletradisjonar på vandring - Juleutstilling i husa på prærielandsbyen
- Å vandre er å forandre - sommarutstilling VUS

Skulehuset på Tekstilindustrimuseet vart i sommar sett i stand for å kunne ha ein pilot på ei gjestekunstordning. Kunstnarane Freja Burgees og Emilia Sahlström var der frå 15. august til 15. september 2023. Ordninga vil bli vidareført våren og hausten 2024.

DIGITAL FORMIDLING

Vi har digital formidling i fleire kanalar. Eigne heimesider viser til museets tilbod og tenester, her ligg og noko fagleg innhald og ikkje minst lenker til MUHO sine ressursar på Digitalt Museum (DM). Vi arbeider kontinuerleg med digitalisering og tilgjengeleggjering av samlingane, og objekta våre har rundt 3500 sidevisningar pr. månad på DM. Samlingsgruppa har ein strategi for å gjere samlingane betre tilgjengeleg digitalt. I tillegg til rein digitalisering, arbeider vi med å organisere og gje kontekst til materialet gjennom t.d. mapper og artiklar, og å lenke til det i SoMe, på eigne nettsider og i andre relevante kanalar, og bruke det som ressurs i eigne digitale tilbod. Arbeidet innan sosiale media (SoMe) går stadig framover, alle avdelingar har eigne sider og auka aktivitet på Facebook og Instagram i tillegg til MUHO sine eigne kanalar. For å styrke dette arbeidet har vi dedikerte tilsette ved kvar avdeling og kursing basert på ny utvikling og til dømes nye krav til Universell Utforming også innan SoMe. Alt arbeid her er forankra i plakaten for SoMe og i formidlingsplanen vår. Hovudmålet med digital formidling i MUHO er at den skal forsterke opplevinga ved dei fysiske stadene våre, vere ein stad for påfyll av kunnskap og opplevingar. Og om naudsynt fungere som eit alternativ til dei som av ulike grunnar ikkje har moglegheit for å få den fysiske opplevinga. Vi nyttar også digital formidling for å gje eit tilbod til gjestar som kjem til oss utanom opningstida, i form av filmar på skjerm eller som kan nåast

via QR-koder, eller på same måten for å gje eit meirtilbod under arrangement og aktivitetar. Eit større digitalt undervisningsopplegg er i ferd med å bli utvikla på Havrå. Opplegget tar utgangspunkt i at kunnskapen knytt til drift av garden Havrå er avgjerande for eit meir berekraftig samfunn. På same tid vil ei slik digital løysing vere berekraftig for drifta av det sårbare kulturmiljøet og landskapet på og rundt garden Havrå.

Vi har gjennom året merka oss at reels og videosnuttar er det publikum responderer best på. Særleg populær er «snuttar» der vi viser og forklarar tradisjonelle arbeidsprosesser i det vakre kulturlandskapet på Havrå. Det vekker sær mange gode reaksjonar, kommentarar og delingar. På det jamne har denne typen reels kring 3-8000 avspelingar, også det sær gode resultat, kontoen har no over 4200 følgjarar, etter at dette talet gjorde eit stort hopp då den første reelen gjekk viralt. Følgjartalet til denne kontoen har i løpet av 2023 hatt ei auke frå 447 til 4241, ei auke på 849%! To av desse «snuttane» har over 148 000 og 147 000 avspelingar og sær mange kommentarar.

Vi merker oss at denne typen digital formidling fungerer godt og vil gjere meir av dette, også i dei andre musea våre.

12. Solid kunnskapsproduksjon

Dei siste åra har vi hatt vesentleg høgare aktivitet på forskingsfeltet som følgje av deltaking i ei rekke forskingsprosjekt og målretta rekruttering av denne kompetansen. Etter eit omfattande arbeid av ny faggruppe, fekk vi på plass ny plan for forskning og kunnskapsproduksjon for perioden 2024-2027. To tilsette har gjennomført studiet Museum 621 ved UiB og fleire tilsette har delteke på skrivesamlingar og andre aktivitetar i prosjektet "Forskningsinfrastruktur i Vestland".

Det er etablert nye samarbeid for å utvikle kunnskapsproduksjon og kompetanse innan spydspissen industriarv, med fokus på immateriell kulturarv. Vi deltek i fleire nettverksprosjekt og resultatene av desse styrkar oss fagleg og gjev ny kunnskap, m.a. om dagens migrantar og om korleis industrimusea møter klimakrisa. Gjennom målretta og kontinuerleg samlingsforvaltning arbeider vi for at samlingane våre er gode og tilgjengelege kjelder for andre si forskning. Vi har følgd forventa framdrift i forskingsprosjektet «Knutar på vandring» (Borgund-prosjektet) og fagfelleverdert artikkel er godkjent. Målet er å få den godkjent og publisert i internasjonalt tidsskrift i 2024. Tre NFR-prosjekt er med i kunnskapsproduksjonen til den nye utstillinga på LHS: «DURIN» undersøker lyngvekstar si rolle i klimasystemet, «BIOSPHERE» byggjer på forskingsprosjektet «Lindåsprosjektet» og tidlegare forskning frå Lygra for å finne fram til naturbaserte løysingar på berekraftsutfordringar i samfunnet, og i «Landpress» har vi publisere to fagfelleverderte forskingsartiklar om karbonlagring og restaurering i kystlynghei i internasjonale tidsskrift.

FORMALISERT FOU-SAMARBEID OG NETTVERKSARBEID:

Nettverk for arbeiderkultur og arbeidslivshistorie
Nettverk for teknologi og industrihistorie
Nettverk for drakt og tekstil
Nettverk for minoriteter og kulturelt mangfold
Nettverk for kulturlandskap
Nettverk for tradisjonshåndverk og bygningsvern
Nordisk Kulturlandskapsforbund
Nettverk Nordhordland biosfæreområde
European Heathlands Network
Regionalt nettverk for industriminne
Leiar av det nasjonale lyngheinetter LyngNett
Styrerepresentant i Seksjon for samlingsforvaltning, NMF
Styrerepresentant i Seksjon for immateriell kulturarv, NMF

PUBLIKASJONAR 2023

Prescribed burning can promote recovery of Atlantic coastal heathlands suffering dieback after extreme drought events. Applied Vegetation Science

Germination and seedling growth of *Calluna vulgaris* is sensitive to regional climate, heathland succession, and drought. Ecology and Evolution

Developing a collection center facility in Vestland, Norway: Challenges and perspectives, ICOM-CC konferansen i Valencia

13. Klima og miljø

Som organisasjon skal vi ta vår del av ansvaret for å nå FN sine berekraftsmål.

Med forvaltingsansvar for 104 bygg på 17000 m2 og 3626 dekar kulturlandskap, har vi potensiale for å redusere klimautslipp og påverknad på miljøet. Vi har erfart at systematisk arbeid gir òg meir effektiv drift og kostnadskutt. Vi er sertifisert Miljøfyrtårn og rapporterer på mål knytt til forbetringar innanfor arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Av desse har vi konsentrert oss om å redusere energibruken kor vi har mest å hente. Vi ferdigstilte ei rekke ENØK-tiltak i 2023 og reduserte energiforbruket frå 751.139 kWh i 2022 til 666.566 kWh i 2023. Normalnivået var tidlegare på om lag 1. mill. kWh i året. Dette arbeidet vil halde fram i åra som kjem.

Ved bruk av vesentlig.no har vi fått systematisk oversyn over påverknadene våre på miljøområdet og definert områda som skal prioriterast framover.



Undervisning i tekstilkunnskap for Høgskulen på Vestlandet



Klima på museum

Kartlegging av klimaendringenes plass i museumsnettverket for teknologi- og industrihistorie



Rapporten Klima på museum

14. Arbeid i museumsregionen

Kulturverntenesta i Nordhordland (KIN) gir råd og rettleiing om å ta vare på kulturminna kring oss og formidle kunnskapen om dei vidare til andre. Tenesta vart oppretta i 2006, då fleire kommunar i samarbeid med MUHO og Hordaland fylkeskommune gjekk saman om ei museumsteneste. Samtidig oppretta Hordaland fylkeskommune ei regional stilling som bygningsvernkonulent i MUHO.

Hovudaktiviteten til KIN ligg innan feltet bygningsvern. Tenestene er tilpassa dette behovet slik at både museums- og bygningsverntenesta fritt kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Alver. Vi tilbyr også, i samarbeid med KulturIT, avtale om og tilgang til katalogiseringsprogrammet Primus, og rettleiing kring registrering av samlingar.

I alle kommunane er dei vedtekte Kulturminneplanane eit godt og viktig verktøy for å prioritere oppgåver for samarbeidet. Men det har også dette året vore tettast samarbeide med dei kommunane som aktivt brukar kulturminneplan i forvaltninga.

Museumstenesta: Database- og registreringsprogrammet Primus er tilgjengeleg for historielag i regionen. Det har vore rådgjeving knytt til Postmuseet på Festo.

Bygningsvern: Det har vore jamn aktivitet gjennom heile året, i tråd med måla om å gje fri rådgjeving. Det gjeld saker som arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar og kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeide med søknadar. I tillegg til dei nemnde rådgjevingstenestene tek Kulturverntenesta oppdrag med dendrokronologisk datering av bygningar. Oppdragsgjevar har oftast Vestland fylkeskommune, men også andre fylke og private har nytta seg av denne tenesta.

15. Mangfald og inkludering

I mangfaldsplakaten vår har vi definert omgrepet mangfald til det å vere tilgjengelege og representative for alle, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, legning, funksjonsevne, kulturell/ sosial bakgrunn og geografi. Mangfaldsplakaten ligg til grunn for programmering og i arbeid med planar og utvikling. Vi skal vere AV, FOR og MED eit mangfald.

For å auka tilgjengelegheita har vi i 2023 hatt særleg fokus på universell utforming (UU) og alle tilsette har vore involverte i temaet på eigen fagdag. UU og likeverdig tilgjenge for alle er eit tydeleg krav, fysiske tiltak som skal betre tilgjenge og opplevinga for alle må balanserast mot krav om vern av freda bygg og naturmiljø. Det er framleis stort behov for meir kunnskap og betre tilrettelegging. To tilsette deltok på seminar over to dagar på Agatunet, om UU i freda bygg og tar med kunnskapen vidare inn i arbeidet med utvikling av nye utstillingar i nye og freda lokalar, og med særleg fokus på betre balanse mellom desse omsyna. Vi treng å lære meir om kva for prioriteringar som kan og må gjerast for å nå ut til alle, og på same tid ta vare på dei freda områda. Undervegs har vi gjort små tilpassingar som betre lys, betre bruk av tekst og meir ryddig og tydeleg inngangsparti. Ein sal som tidlegare berre var tilgjenge med omvisar er no opna opp så publikum kan gå rundt på eiga hand, og i eige tempo. Tilsette som arbeider med sosiale media har vore på kurs om UU på nett og i sosiale media.

I tillegg til eit variert arrangementsprogram som skal appellere til fleire målgrupper, har vi konkret tilrettelegging for ulike grupper

med særlege behov. Det er personar med kognitiv svikt som kjem for å ha ei god oppleving, spesialklasser frå ungdomsskule og vidaregåande som har fokus på butrening og livsmestring og innføringsklassar med vaksne i norskopplæring. Vi har og hatt eigne omvisingar med tolk på ulike språk som ukrainsk og teiknspråk. Vi legg vekt på at alle som kjem til MUHO sine arenaer skal få formidling tilpassa sitt kunnskapsnivå og sine behov, og oppleve at dei blir tatt på alvor.

Nokre dagar er det gratis inngang for alle besøkande. Tekstilindustrimuseet blei i 2023 tilbyder til Bergen kommune si ordning med Aktivitetskortet som blir delt ut til sårbare familiar med dårleg økonomi. Sommarskolen i Alver og på Osterøy er støtta av Bufdir og er eit gratis tiltak kor born/unge kan delta uavhengig av foreldra sin økonomi.

Mangfald og Migrasjon er ein av våre spydspissar og innsamling av migrasjonshistorier gjort av migrantar og fleirkulturelle sjølv skal sikre meir mangfaldig representasjon i samling og formidling. Vi har laga utstilling saman med ei med migrasjonsbakgrunn.

Avdelingane ligg i ulike lokalmiljø og er med sine tilbod viktige møteplassar. Det er verdt å trekke frem Kafé Emigranten som har blitt ein møtestad og opnar opp for eit nytt fellesskap mellom lokale pensjonistar, særleg menn, som eller ikkje er så ofte å sjå på museet.



Sommarskule på Lyngheisenteret



VUS – Kafé eigranten

Nye stemmer

Dennis Osei Kontor

Nye stemmer

Anney Niyokindi

Nye stemmer

Puja Sureshkumar

Memoar VESTNORSK UTVANDRINGSSENTER

Frå prosjektet Nye stemmer - samme samling på Vestnorsk utvandringscenter

17. Rekneskap og revisjonsrapport

Ferdig oppstilling frå revisor

Stiftinga Museumssenteret I Hordaland		Resultatrekneskap 2023	
	Note	2023	2022
Driftsinntekter og driftskostnader			
Offenlegge tilskot		41 012 069	40 664 354
Andre inntekter		10 016 069	7 477 090
Sum driftsinntekter		<u>51 028 138</u>	<u>48 141 444</u>
Varekostnad	2	971 576	773 876
Lønskostnader m.m.		36 582 138	31 858 519
Avskrivning på driftsmidlar	3	571 384	506 853
Andre driftskostnader		14 589 429	12 698 055
Sum driftskostnader		<u>52 714 527</u>	<u>45 837 303</u>
Driftsresultat		<u>-1 686 389</u>	<u>2 304 141</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Andre renteinntekter	5	377 615	178 213
Andre finansinntekter	5	50 115	44 337
Andre rensekostnader	7	83 205	48 348
Resultat av finanspostar		344 524	174 201
Resultat før skattekostnad		<u>-1 341 865</u>	<u>2 478 343</u>
Resultat		<u>-1 341 865</u>	<u>2 478 343</u>
Asresultat	6	<u>-1 341 865</u>	<u>2 478 343</u>
Som vert nytta slik:			
Avsett til anna eigenkapital		-194 097	-2 478 343
Overført frå anna eigenkapital		1 535 962	0
Netto		<u>-1 341 865</u>	<u>2 478 343</u>

Side 2

Stiftinga Museumssenteret I Hordaland		Balanse pr 31.12.2023	
	Note	2023	2022
Eiga			
Varige driftsmidlar		14 682 927	14 689 838
Museumstykke	3	1 983 987	1 605 566
Inventar, bilar m.m.		<u>16 666 913</u>	<u>16 295 403</u>
Sum varige driftsmidlar			
Aksjar og fordringar	4	120 000	120 000
Aksjar		24 000	12 000
Andre fordringar		<u>144 000</u>	<u>132 000</u>
Sum aksjar og fordringar			
Sum anleggsmidlar		<u>16 810 913</u>	<u>16 427 403</u>
Omløpsmidlar			
Lager av varer		<u>502 745</u>	<u>436 353</u>
Fordringar			
Kundefordringar		1 623 305	2 025 395
Andre fordringar		687 363	1 033 125
Tillegde tilskot		5 440 156	4 024 306
Sum fordringar		<u>7 750 823</u>	<u>7 082 826</u>
Andre markedsbaserte finansielle instrumenter	5	4 000 000	4 000 000
Sum investeringar		<u>4 000 000</u>	<u>4 000 000</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.		<u>15 664 995</u>	<u>16 912 328</u>
Sum omløpsmidlar		<u>27 918 563</u>	<u>28 431 507</u>
Sum eiga		<u>44 729 477</u>	<u>44 858 910</u>

Side 3



Frivillige på Bergen Strikkefestival Foto: Thor Brødreskift

16. Frivillig arbeid

Det frivillige arbeidet som har vore utført ved fleire av på musea våre m.a. av Arna sogelag og Osterøy museumslag er særskilt viktig. Dei utgjer eit viktig element i aktiviteten ved avdelingane og står bak arrangement, dugnadar og dokumentasjonsarbeid.

Utvandringscenterets venneforening sitt arbeid gjer eit løft til store familiearrangement og bidreg med planlegging og gjennomføring av Utvandringsfestivalen. Drifta av Torsdagskafeen er òg avhengig av den gode hjelpa frå dei frivillige. Totalt på Vestnorsk utvandringscenter vart det lagt ned nær 600 timar med frivillig innsats.

På Tekstilindustrimuseet arrangerer vi Bergen Strikkefestival kvart år. Det hadde vi ikkje klart utan våre gode frivillige som hjelper oss med alt frå billettsal, til vakthold og kaféarbeid. Vi har om lag 40 frivillige, og mange har vore med sidan starten i 2016.

18. Revisjon 2023

For Stiftinga Museumssenteret i Hordaland
Org. Nr. 971 349 743



RSM Norge AS
Mazzons gate 2, 5200 Vivik
Org nr: 982 316 588 MVA
T: +47 56 52 04 00
F: +47 56 52 04 01
www.rsmnorge.no

TI styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Melding fra uavhengig revisor

Uttale om årsregnskapet

Konklusjon
Me har revidert Stiftinga Museumssenteret i Hordaland sin årsregnskap som viser et underskott på kr 1 241 805. Årsregnskapet er samnsatt av balanse per 31. desember 2023, resultatregnskap for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsregnskapet, medvorna eit samhandling av viktige regnskapsoppgjør.
Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapen gjeldande krav, og
- gir årsregnskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatet for regnskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvare med regnskapsregla sine reglar og god regnskapspraksis i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvare med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikt er desse standardane er skildra i Revisor sine oppgåver og plikt ved revisjon av årsregnskapet. Me er uavhengige av stiftinga slik det er kravd i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandardar) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-regjeme), og har oppfylt dei andre etiske gjeldene våre i samsvare med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og førester til ein god konklusjon som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leder (leiar) er ansvarlege for å utarbeide årsregnskapet og for å ha god eit rettvisande bilete i samsvare med regnskapsregla sine reglar og god regnskapspraksis i Norge. Leiar er også ansvarleg for naudrykt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsregnskap som kjlle innhelt vesentlegg informasjon, verken som følge av mislag framleidt eller feil som kjlle er tilskilla.

Ved utarbeidinga av årsregnskapen må leiar ta størdepunkt til skildepunkt og etne til å halde fram med drifita og oppgåer som tilhøve av betydning for etter. Førebunden om at drifita kan misle fram, skal loggjast til grunn for årsregnskapen så lenge det kjlle er sannsynlegg at verkemidla vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikt ved revisjon av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsregnskapet som holdskap kjlle innhelt vesentlegg informasjon, verken som følge av mislag framleidt eller utskilta feil, og å avgi ei revisjonsmening som innhelt vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høig grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvare med ISA-ane, alltid vil avsløke vesentlegg informasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av mislag framleidt eller feil som kjlle er tilskilla. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlegg dersom han, alene eller samta, innanfor rimelige grensar kan forventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsregnskapet.

For skildding av revisor sine oppgåver og plikt viser me til: <https://revisordokumentasjon.no/revisjonsbrevetinger/>.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

2023 Norge AS er medlem av the IFISA members and partners of IFISA. IFISA er ei stifting som arbeid for medlemmer av the IFISA network. Eit medlem av the IFISA network si ei revisjon utført med hjelping som vart utført i sin samregning. The IFISA members si samregning og reglar er i samsvar med the IFISA reglar si. 2023 Norge AS er medlem av ei medlem av the IFISA members and partners of IFISA.




Melding fra uavhengig revisor 2023 for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Uttale om andre formessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsregnskapet slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlar me har kunne naudrykte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som kjlle er revisjon eller ferdigla revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at stiftinga er forvalta i samsvare med lov, stiftinga sitt formell og vedtektene ettel.

Voss, 29.02.2024

RSM Norge AS

Harald Bjørnstad
statsautorisert revisor

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

2023 Norge AS er medlem av the IFISA members and partners of IFISA. IFISA er ei stifting som arbeid for medlemmer av the IFISA network. Eit medlem av the IFISA network si ei revisjon utført med hjelping som vart utført i sin samregning. The IFISA members si samregning og reglar er i samsvar med the IFISA reglar si. 2023 Norge AS er medlem av ei medlem av the IFISA members and partners of IFISA.

Stiftinga Museumssenteret I Hordaland

Balanse pr 31.12.2023

	Note	2022
Eigenkapital og gjeld		
Bunden eigenkapital		
Grunnkapital	7 660 715	7 660 715
Sum bunden kapital	<u>7 660 715</u>	<u>7 660 715</u>
 Opptent eigenkapital		
Anna eigenkapital	16 944 330	18 286 195
Fri EK vedlikehold bygg	1 307 211	1 307 211
Sum opptent eigenkapital	<u>18 251 541</u>	<u>19 593 406</u>
 Sum eigenkapital	6 <u>25 912 256</u>	<u>27 254 121</u>
Gjeld		
Langsiktig gjeld	7 <u>1 246 445</u>	1 279 986
Sum anna langsiktig gjeld	<u>1 246 445</u>	<u>1 279 986</u>
 Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	2 187 890	2 102 158
Skuldige offentlege avgifter	2 666 562	2 199 534
Periodisert tilskot	3 374 270	2 771 787
Anna kortsiktig gjeld	9 342 054	9 251 325
Sum kortsiktig gjeld	<u>17 570 776</u>	<u>16 324 803</u>
 Sum gjeld	<u>18 817 221</u>	<u>17 604 789</u>
 Sum gjeld og eigenkapital	<u>44 729 477</u>	<u>44 858 910</u>

Salhus, 29.02.2024

Sara Sekkingstad
Styreleiar

Geir Steinar Dale
Nestleiar

Tone Hellesund
Styremedlem

Frank Willy Djuvik
Styremedlem

Jorunn Tvedt
Styremedlem

Hanne Dale
Styremedlem


Elisabeth Herdla Halvorsen
Administrerende direktør

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2023

Museumssenteret i Hordaland vart det første konsoliderte museet i Hordaland ved samanslåinga av Norsk Trikotasjemuseum (no Tekstilindustrimuseet), Bevaringstenestene og Felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne i Bergen i 2004. I 2006 vart avdelinga Kulturverntenesta i Nordhordland oppretta. Frå 1. januar 2007 vart drifta av Osterøy museum, Havråtunet og ein del av MUHO, medan Lyngheisenteret kom med frå 12. februar 2007. Vestnorsk utvandringssenter vart konsolidert inn 1. januar 2010. Det er f.o.m. 1.1.2011 inngått samarbeidsavtale med Bergen kommune om drift av Ådnatun.

Museumssenteret i Hordaland har regionansvar for kommunane i Nordhordland, inkludert Osterøy og Vaksdal.

Føremål

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Vestland.

1. Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3 – 3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

2. Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2023 var 6,3 %, ein auke frå 5,41 % i 2022 . Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2023.

3. Publikum

I 2023 har 25 535 personar besøkt museet sine avdelingar. Det er ein auke på 5 009 i høve til 2022.

4. Likestilling

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 54 faste tilsette i 45,71 årsverk. I tillegg var det 2 fast tilknytt MUHO i lengre vikariat eller prosjektstillingar i 2 årsverk. 24 % av dei faste tilsette er menn, 76 % er kvinner. I tillegg har vi hatt 38 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 51,56 faktiske årsverk i 2023. Styret har 6 medlemer der 4 er kvinner og 2 er menn.

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2023

5. Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra påverknad på det ytre miljøet.

6. Økonomi

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Museet sin økonomi er i balanse og rekneskapen for 2023 er gjort opp med eit underskot på kr 1 341 865. Rekneskapen er sett opp basert på fortsett drift.

Salhus, 29.02.2024

Styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Sara Sekkingstad
styreleiar

Geir Steinar Dale
nesteleiar

Frank Willy Djuvik
styremedlem

Jorunn Tvedt
styremedlem

Tone Hellesund
styremedlem


Hanne Dale
styremedlem

Elisabeth Herdla Halvorsen
direktør

20. Dette er MUHO



KULTURVERNTESTA I NORDHORDLAND skal hjelpe private eigarar og kommunane med spørsmål om forvaltning og formidling av verneverdige bygningar og kulturminne. Tenestene er gratis i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.



BEVARINGSTENESTENE

er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Vestland, og tilbyr kurs og praktisk arbeid innan førebyggjande konservering. Avdelinga har ansvar for eit fellesmagasin for prioriterte gjenstandar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga utgjer eit stort konserveringsfagleg miljø innan konservering av tekstilar, møblar og gjenstandar.



LYNGHEISENTERET

på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lyngheier haldne i hevd på autentisk vis. Lyngheiene er i dag ein utryddingstruga naturtype, og meir enn 80 % av lyngheiene i Europa har forsvunne dei siste 100 åra. Området er tilrettelagt for naturopplevingar, formidling, undervisning og forskning.



VESTNORSK UTVANDRINGSSENTER

består av Emigrantkyrkja og Prærielandsbyen. Med utgangspunkt i bygningar flytta frå USA, fortel vi om den store norske utvandringa til Amerika, og om utvandring, innvandring og kultur møte. Vi trekk parallellar til kultur møte i vår tid med arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre innvandrarar som kjem til vårt land, og har med seg sin kultur. Folk og kulturar vandrar, møtast og forandrast, før som no.




HAVRÅ

er eingard i drift. Det mat- og virkeproduserande landskapet har viktige kulturbiologiske verdiar som er sterkt truga. Forvaltingsmåla er å drive garden slik ein ser det i Havråfilmen frå 1949/50. Store delar av landskapet er i dag i ein restaureringsfase. Garden er freda som kulturminne, og er på lista over utvalde kulturlandskap.




TEKSTILINDUSTRIMUSEET

held til i det freda teknisk-industrielle kulturminnet Salhus Tricotagefabrik (1859–1989). I tillegg til vern og formidling av Salhus Tricotagefabrik har museet eit nasjonalt ansvar for å ta vare på historia til og forske på den norske tekstilindustrien. Museumsgjestane er lokale, regionale, nasjonale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høyre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og unike opplevingar.



OSTERØY MUSEUM

er eit av dei eldste folkemusea våre, med store kulturhistoriske samlingar. Arkiv, gjenstandar, foto og bygningar fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri, og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstadvev, bygningshandverk og treskoproduksjon.



M U MUSEUMSSENTERET
H O I HORDALAND